

Meland kommune.

Pb. 75

5906 Frekhaug.

Meland-gnr.5 bnr.7-Fløksand-klage på dispensasjon til frådelling av parsell 1.Syner til klage frå Fylkesmannen datert 04.05.2016.

Merknad til klagen.

Klagen frå Fylkesmannen gjeld såleis parsell 1 og ikkje parsell 2.

Fylkesmannen meiner kommunen i sitt vedtak ikkje nok har vurdert om omsynet til arealdelen av kommuneplanen vert vesentleg sett til side ved ein dispensasjon. Fylkesmannen meiner og at vurderingane om at fordelane ved frådellinga er vesentleg større enn ulempene ikkje er vurdert godt nok og manglar tilfredstillande grunngjeving.

Eg meiner at kommunen sine vurderingar er minst like gode som fylkesmannen sine sjølv om kanskje grunngjevinga nok kunne vore meir utdjupa. Det tyder ikkje at kommunen ikkje nøye har vurdert både fordelar og ulemper og kome til det resultat at dispensasjon kan gjevast. Eit folkevald organ med 9 medlemmer har etter mitt skjønn minst like god vurderingsevne som ein sakshandsamar hjå fylkesmannen , særlig når ein veit at dei folkevalde her har stor lokalkunnskap og i tillegg har vore på synfaring og sjølv vurdert og sett kvar parsellane ligg i terrenget i høve til alt utbygde tomter og infrastruktur. Fylkesmannen har ikkje vore på synfaring.

Frådellinga er egentleg ein positiv fortetting i eit område som alt delvis er utbygd. Dei landbruksmessige kvalitetar som fylkesmannen påstår denne parsellen har, meiner eg at både kommunen sine folkevalde og ikkje minst nåverande drivar av eigedommen har minst like gode greier på som ein sakshandsamar hjå fylkesmannen har. Eg kjenner ikkje til om sakshandsamaren har landbruksfaglege kunnskaper.

Med bakgrunn i ovannemde meiner eg at Fylkesmannen sin klage ikkje bør få gjennomslag sidan fylkesmannen stort sett klagar på at eit politisk utval ikkje har tilfredstillande vurderingsevner i slike saker. Dette er å underkjenne folkevalde si vurderingsevne og det bør ein sakshandsamar hjå fylkesmannen vera svært varsam med.

Klagen bør derfor avvist.

Fløksand/.....2016.

For Terje Fløysand.

Asle Fløysand.

